



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Møteprotokoll for Ørskog sokneråd

Møtedato: 14.03.2024
Møtetid: kl. 18:00
Møtestad: Kyrkjetorget i Ørskog

Desse møtte: Mons-Olav Walgermo, Kristian Fjørtoft, Inger Valbø, Knut Steinar Dyrkorn, Kari Pauline Longva, Kim-Ove Hestås, May-Sissel R. Osvik, Doreen Strømmen
Geistleg representant Olav Rønneberg

Varamedlemer

Ingeri Madsen, Ann Kristin Paulsen

- Nestleiar i soknerådet, Inger Valbø, opna med å lese salmen «Med Jesus vil eg fara»

Saker

Sak 18/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 19/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 15.02.24

Sak 20/24: Orienteringssaker Skriv og meldingar

- Søknad om støtte til jubileumsveka
- Underskrift av teieplikterklæringa
- Samtale med kantor Arne B. Varmedal

Sak 21/24: Misjonsavtale med Himalpartner

Sak 22/24: Heimesida til kyrkja

Sak 23/24: Lyttertilhøva i Ørskog kyrkje

Sak 24/24: Digital informasjonstavle på Kyrkjetorget

Sak 25/24: Rekneskapen for Ørskog sokneråd

Sak 26/24: Årsrapport for Ørskog sokneråd

Sak 27/24: Eventuelt

Sak 18/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknadar

Vedtak;

Ørskog sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknader

Sak 19/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 15.02.24

Vedlegg: Møteprotokoll 15.02.24



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokollen frå 15.02.24 utan merknader

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokollen frå 15.02.24 utan merknader

Sak 20/24: Orienteringssaker, skriv og meldingar

- I samband med jubileumsveka for Ørskog kyrkje i november i fjor, vart det søkt om støtte til jubileumskonserter som Skodje kyrkjekor og Ørskog Brass framførte. Det gjaldt støtte både til tekstforfattar og komponist i samband med jubileumskantata. Det vart sendt søknad til
 - Norsk kulturfond. Vart ikkje prioritert
 - Møre bispedømmeråd. Vekstmidlar. Innvilga kr 45 000
 - Kjell Holmstiftelsen. Ikkje innvilga
 - Tilskotsordning i MogR fylkeskommune. Prosjektstøtte til profesjonell kunst og kultur. Ikkje innvilga. Stor søknad, men for lite midlar
 - Det norske komponistforbund. Ikkje innvilga. Søkt 2 gongarDei fleste av slo søknaden av ulike grunnar. Det betyr at Ørskog sokneråd må dekke ca kr 73 000 av utgiftene.
- Både medlemmer og varamedlemmer må underskrive erklæringa om teieplikt.
- Samtale med kantor Arne blir frå ca kl 19.30 i møtet

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd tek orienteringssakene, skriv og meldingar til vitande.

Vedtak:

Ørskog sokneråd tek orienteringssakene, skriv og meldingar til vitande.

Sak 21/24: Misjonsavtale med Himalpartner

Soknerådet gjorde vedtak om å støtte Higher Ground i Nepal då saka var oppe. No viser det seg at Himalpartner ikkje støtter dette prosjektet lenger, fordi prosjektet går for eiga maskin no. Dei produserer varer og har skapt arbeidsplassar og er såleis sjølv-gåande. Det er eigentleg målet for alle prosjekt Himalpartner går inn i og støtter.

På siste soknerådsmøtet vart det delt ut prosjektoversyn som er aktuelle. Arbeidsutvalet AU vil fokusere på 2 prosjekt som kan vere høvelege for oss i Ørskog. Det er

1. Et liv uten vold (haldningsendring i heim og skule) Dette grip inn i samfunnet gjennom opplæring og forståing som skaper haldningsendring.
2. Sjelesorg i kirkene i Nepal, Bethesda ressursenter for sjelesorg.

Vedtak:

Ørskog sokneråd gjer om inkje vedtaket om misjonsprosjekt-støtte til Higher Ground i Nepal.

Soknerådet vedtek misjonsprosjektet «Et liv uten vold» og syter for å støtte dette økonomisk med Kr 30 000 pr år.

Sak 22/24: Heimesida til kyrkja



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Fellesrådet administrerer heimesida til kyrkja i Ålesund. Der har kvart sokn si side. Det som står om vårt sokn, er på ingen måte godt nok. Kven har ansvaret for oppdateringa? Kan det vere servicekontoret si oppgåve? Men det er kanskje soknet si oppgåve å legge ut lokalt stoff? Det er framleis det gamle soknerådet som står oppført på sida vår. Info er sendt til servicekontoret om kven som no sit i soknerådet, utan at dette er kome med. Viss det er soknerådet lokalt si oppgåve, må det gjevast tilgang.

Vi drøfta kva som bør stå på sidene våre, og kven som skal arbeide med tekst og bilete. Målet må vere å ha ei side som er informativ, men og så interessant at folket i Ørskog (og elles også kanskje) vil søke ho opp!

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd utfordrar 2-3 frå soknerådet og kanskje nokre fleire kompetente personar til å jobbe med tekst og bilete og sende det over til AU før det blir lagt ut. Soknerådet må få avklart kven som har ansvaret for å oppdatere heimesida vår.

~~Namn:~~

Vedtak:

Ørskog sokneråd ønskjer å gjere heimesida for kyrkjelyden vår meir innhaldsrik og interessant. Vi utfordrar dei tilsette til å sende over planar og aktivitetar som det blir jobba med og som er i gang. Sørviskontoret syter for å legge dette ut på sida.

Sak 23/24: Lyttartilhøva i Ørskog kyrkje

Det er fleire personar som har klagt på lyden i Ørskog kyrkje. Høgtalarlyden ber ikkje godt heilt bak i kyrkja. Det er også problem med lyden på galleriet. Det blir litt for ofte klagt på lyden under gravferd. Dersom mikrofona som no blir brukt, ikkje fangar opp den som talar, godt nok, bør det vurderast ein mikrofon som er betre. Dersom det er styringa av miksepulten som er problemet, bør dei som har ansvaret, få god opplæring. Men vi trur helst det er ein kombinasjon av at dei som vil seie noko under gravferd t.d., ikkje er vane med mikrofonar og vender seg ofte bort frå han, og at høgtalarane som er monterte, ikkje ber lyden langt nok og godt nok. Samtidig bør det sjekkast om teleslynga er god nok – også for nyare og meir avanserte høyreapparater.

Vi bed fellesrådet gripe tak i saka og gjere noko med dette snarast.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd bed fellesrådet leige inn fagfolk som kan forbetre lydtilhøva for alle i Ørskog kyrkje. Dette bør gjerast snarast, for at det ikkje skal bli ei avviksmelding.

Vedtak:

Ørskog sokneråd bed fellesrådet leige inn fagfolk som kan forbetre lydtilhøva for alle i Ørskog kyrkje. Dette må gjerast snarast.

Sak 24/24: Digital informasjonstavle på Kyrkjetorget

Informasjonsmengda i dag er enorm. Kva må til for at kyrkja skal ha ein sjanse til å nå ut til folk med arrangement og tilbod? Vi kan bruke annonser i BB, info på heimeside og facebook. Men ville det ikkje vere ok med ei digital informasjonstavle som kunne stå på bygget, der både bilete og tekst kunne formidlast når noko skal skje?

Soknerådet kan ta seg av saka sjølv og undersøke kva som finst av slike tavler, eller vi kan be husstyret ta saka og gjere jobben for oss. Dersom nokon i soknerådet har kompetanse når det gjeld dette, vil eg utfordre nokre som kan undersøke kva som finst og melde tilbake til soknerådet.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Tilråding til vedtak:

Ørskog sokneråd vil undersøke om det finst digitale infotavler som kan vere nyttig til vårt bruk og som kan plasserast på Kyrkjetoget.

Knut Steinar (?) tek seg av saka.

Vedtak:

Ørskog sokneråd vil undersøke om det finst digitale infotavler som kan vere nyttig til vårt bruk og som kan plasserast på Kyrkjetoget. Det blir tatt kontakt med Ålesund kommune og andre for å sjekke mulegheiter og kostnad.

Sak 25/24: Rekneskapen for Ørskog sokneråd

Rekneskapen blir lagt ved.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner rekneskapen under føresetnad om revisors godkjenning og gjer vedtak om å setje av det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2023 til disposisjonsfondet konto 25600000.

Det rekneskapsmessige mindreforbruket er på kr 588 486,02. Resultatet inkluderer meirforbruket 150 årsjubileet kr 136 915,38.

Vedtak:

Saka blir utsett til soknerådsmøtet i april.

Sak 26/24: Årsrapport for Ørskog sokneråd

Årsrapporten ligg ved. Her får vi eit oversyn over arbeidet i kyrkjelyden både av tilsette og frivillige.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd vedtek årsrapporten for 2023.

Soknerådet vil takke både tilsette og frivillige for stor og god innsats også dette året.

Vedtak

Ørskog sokneråd vedtek årsrapporten for 2023.

Soknerådet vil takke både tilsette og frivillige for stor og god innsats også dette året.

Sak 27/24: Eventuelt

Saker som blir nemnt under eventuelt, kan bli utsett til neste møtet dersom tida blir knapp.

Handsaming i møtet:

- Soknerådet sin representant i Fellesrådet, May-Sissel R. Osvik, orienterte frå siste møtet i fellesrådet
- Utsett sak 16/24: Samtale med kantor Arne B. Varmedal
Soknerådet hadde ein god og innhaldsrik samtale med Arne, der vi drøfta musikk og song i gudstenestene, konsertar, korsang mm.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Det vil vere naturleg å trekkje også dei nye tilsette i kyrkjelyden inn i arbeidet framover.

Takk Arne for positiv haldning og kvalitet i arbeidet med kyrkjemusikken.

- 14. april er det samtalegudsteneste med konfirmantane med påfølgjande kyrkjekaffifest for dei og foreldre.
- Neste soknerådsmøte blir torsdag 18. april kl 18.00

Mons-Olav Walgermo
Soknerådsleiar